



DEN NORSKE KYRKJA
Møre bispedømeråd

dok. 21

Kultur- og kyrkjedep.	
M	
Saksnr. <i>200604669</i>	Dato <i>11.10.06</i>
Kode <i>Ki-501</i>	Beh.

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 09.10.2006

Vår ref: 06/32-19 ML

Dykkar ref:

Høringsdokument NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke

I brev av 24. april 2006 vart Møre bispedømeråd invitert til å gje fråsegn om "Staten og Den norske Kyrkje".

I møte den 3. oktober gjorde Møre bispedømeråd vedtak i sak 053/06 om å sende fråsegn og svar på spørjeskjema slik som lagt ved.

Med helsing

Jan-Egil Korseberg
stiftsdirektør

e.f.

Magni Ljoså
førstekonsulent
Direkte innval:

71 25 06 73

053/06: STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA

MBDR-053/06 06.10.2006 Møre bispedømeråd vedtak:

Bispedømerådet sender følgjande fråsegn til departementet:

NOU 2006:2, Staten og Den norske kyrkje

Høyringsfråsegn frå Møre bispedømeråd

1. Generelt

Kva er det som bind kyrkje og stat saman? Eller på ein annan måte: kor store endringar i dagens ordning må vi gjere før vi må seie at vi ikkje lenger har ei statskyrkje i Noreg? Er det finansieringa av kyrkja som avgjer? Er det kongens vedkjenningsplikt? Er det talet på kyrkjemedlemer i regjeringa? Er det kvar kyrkja har si legale forankring? Er det kor stor del av det norske folket som er medlemmer av kyrkja?

Statsråden definerer modell 2 i utgreiinga som oppheving av statskyrkjeordninga. Mange kjensler er bundne til eit slikt spørsmål. Kva vert det då av kyrkja mi? Vert det trøngare, mindre ope? Mange aktive i kyrkja aksepterer ikkje at kyrkja er politisk styrt, det er heller ikkje alltid hyggeleg å bli samanlikna med andre statar som styrer kyrkja. Motiva for dette er vanlegvis å styre opposisjonen eller kyrkja sine jordiske verdiar.

Møre bispedømeråd legg vekt på at Den norske kyrkja har hatt ei ordning som for dei fleste har fungert godt. Og det er viktig for Møre bispedømeråd at Den norske kyrkja framleis vil vere ei "vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje". Rådet ønskjer at det skal vere ein lav terskel slik at folk kan søkje kyrkja i alle fasar av livet, med dei føresetnadane dei har. Det er viktig for dei endringane som no skjer at folk ikkje kjenner at dei misser kyrkja si. Den norske kyrkja tilhøyrer lokalsamfunnet og dei som bur der, kyrkja må byggjast nedanfrå. Men det er og viktig at kyrkja sin bodskap er klår og rein, og at kyrkja si rolle som trussamfunn ikkje er truga av politisk overstyring.

Den ytre organiseringa av kyrkja dreier seg mykje om kva som fungerer praktisk til kvar tid, men det er viktig at organiseringa ikkje skuggar for kyrkja sin eigenart. Kyrkjeordninga vi har i dag, er ein historisk arv, utvikla gjennom mange hundre år, der forandringar for kyrkja vår i framtida ikkje bør gjerast utan å reflektere over kva dette vil bety for den historisk skapte og nære fellesskapen mellom kyrkje og folk, religion og samfunn. Det er brei semje både i det kyrkjelege og det statlege utgreiingsarbeidet og i den offentlege debatten at Den norske kyrkja må ta vare på sin karakter som folkekyrkje.

Men det er og eit faktum at Noreg er eit fleirkulturelt og eit fleirreligiøst samfunn. Det er vanskelegare no enn før å knyte staten til eitt og berre eitt trussamfunn. Ordninga

skaper eit bilete av at Den norske kyrkja har særlege privilegium, noko som frikyrkjer og livssynsminoritetar opplever som problematisk.

Den norske kyrkja fyller fleire roller i det norske samfunnet: som trussamfunn, som kulturinstitusjon og som tradisjonsberar. Mange meiner nok at rolla som trussamfunn har fått lide under dei to andre rollene. Det kan opplevast vanskeleg for mange medlemmer at ei verdsleg makt har øvste styringsmynde i eit trussamfunn. At utnemning av biskopar ikkje kan gjerast av kyrkja sine eigne organ, er prinsipielt vanskeleg å akseptere. Dersom kulturinstitusjonen og tradisjonsberaren vert viktigare enn forkynning til omvending og frelse, er det noko som skurrar. Ei teologisk utvatning kan føre til at engasjerte kristne trekkjer seg ut av kyrkja og etablerer nye kyrkjelydar utanfor Den norske kyrkja.

2. Kyrkjeordning

Her delte Møre bispedømeråd seg i tre fraksjonar. Fleirtalet på 4 medlemmer meiner at det er modell 2 i utgreiinga som best vil ta vare på Den norske kyrkja som trussamfunn og folkekyrkje.

Grunngjeving:

I heile det førre hundreåret har kyrkja vore gjennom reformer som har overført mynde gradvis frå statlege til kyrkjelege organ. Bispedømerådet og kyrkjemøtet vart etablert med mynde som staten hadde før. Å følgje denne utviklinga vidare: å gje kyrkja vidare auka mynde, vil krevje ei ny organisering av kyrkja, meir fristilt frå staten.

Mange av dagens problem, til dømes omkring bispeutnemning, vil ikkje utan vidare verte borte om ein riv kyrkja laus frå staten. Også innanfor ei lovforankra kyrkje vil det vere usemje om biskopar. Men det viser på den andre sida at takhøgda vil vere like stor, kyrkja like romsleg og terskelen like låg i ei lovforankra kyrkje.

Ei slik nyorganisering vil ikkje setje kontakten med medlemmene i fare; kyrkja vil vere ei open folkekyrkje like godt.

Men det er viktig at kyrkjeleg valde organ kan stå fritt til å ta eigne val av verdjar og spørsmål kring lære og vedkjenning. Det må ikkje som no vere uklårt om det er kyrkjeministeren eller bispemøtet/kyrkjemøtet som er mest styrande for kva enkelte biskopar eller prestar kan seie og gjere.

Eit mindretal på 2 medlemmer meiner at Den norske kyrkja bør organiserast som ei sjølvstendig folkekyrkje. Dette standpunktet byggjer på eit prinsipielt grunnlag, og desse medlemmene viser til Møre biskop si høyringsfråsegn. Subsidiært kan dette mindretalet likevel gå inn for ei lovforankra folkekyrkje som ein betre modell enn den noverande.

Eit mindretal på eitt medlem ønskjer ei grunnlovforankra statskyrkje som i dag, med følgjande grunngjeving:

Trass i alle prinsipielle innvendingar (sett frå notida) og trass i alle uheldige episodar/sider ved statskyrkjeordninga opp gjennom hundreåra har statskyrkjeordninga ført til at alle menneske her til lands har fått eit kyrkjeleg tilbod

gjennom livet og framfor døden. Kyrkjer har vorte bygde, haldne ved like og brukte frå dei ytste havskjer til dei inste dalar, frå landsende til landsende. Og det har vore tilsett prestar over heile vårt vidstrekke land som har halde gudstenester, forkynt den store gleder, utført alle kyrkjelege tenester og gjeve trøyst for livet og æva. Statskyrkjeordninga har historisk garantert eit likeverdig kyrkjeleg tilbod for alle i Noreg, nokså uavhengig av folketal, ressursar, innteningspotensiale og geografi. Difor betyr kyrkja framleis så mykje for så mange, iallfall på landsbygda. Gud har kome nær menneska gjennom ei ordning som har historiske føresetnader og har mange lyte.

Å byte ut noko (= dagens kyrkjeordning) som fungerer brukbart (men som sjølvstendig treng oppussing, justeringar og vidareutvikling) med noko nytt og ukjent som vi av gode grunnar kan vere skeptiske til, er gjerne ein veg med store overraskingar.

Det finst ikkje ideelle løysingar i ordningsspørsmålet. I staden gjeld det å finne gode praktiske ordningar som både tek vare på viktige prinsipp (så langt som råd) og samtidig er i stand til å vidareføre det beste i dagens situasjon

Alle medlemene av Møre bispedømmeråd samlar seg om følgjande vurderingar:

- **Verdigrunnlag**

Om § 2 i Grunnlova vert endra, er det viktig at han slår fast at Noreg skal ha ei verdiforankring i kristne og humanistiske verdiar. Samfunnet kan ikkje byggjast på eit verditomrom.

- **Trus- og livssynspolitikk**

Det er naudsynt at staten har ein aktiv og heil trus- og livssynspolitikk. Han må innehalde element om:

- At det eksisterer reell samvits-, religions-, trus- og ytringsfridom i Noreg.
- At religion og livssyn er viktig for samfunnet og enkeltmenneska, både med omsyn til livstolking/-mening, kultur, fellesskap og livsorientering/etiske haldningar.
- At religiøse, livssynsmessige og kyrkjelege minoritetar blir oppfatta som verdifulle og at det er rom for dei i det nasjonale fellesskapet.
- At det offentlege legg til rette for – og støttar – trus- og livssynssamfunna økonomisk, på ikkje-diskriminerande basis.
- At det og er fridom frå religion.
- At trussamfunna opplever fridom frå politisk styring.

- **Demokratisering**

Kyrkja skal byggjast nedanfrå. At soknet framleis skal vere den grunnleggjande eininga, kan berre sikrast gjennom at val til bispedømmeråd og kyrkjemøte vert gjorde av sokneråda. Direkteval til desse organa vil redusere kontakten med grasrota og føre til ein meir sentralstyrt organisasjon. Det er viktig at demokratiseringsprosessen som kyrkja har vore gjennom dei siste åra, held fram. Valordningane må difor kunne endrast for å auke engasjementet, men direkteval er ikkje vegen å gå.

3. *Finansiering*

I tillegg til ei offentleg finansiering til personell og eigedom slik fleirtalet i utvalet nemner, kan ei medlemsavgift gje større engasjement. Ei slik avgift må i så fall ha eit maksimalbeløp for familiar og kunne krevjast inn utan for stor administrasjon. Medlemskap i kyrkja er likevel grunna på dåpen.

Eit fleirtal av bispedømerådet på 6 medlemmer ønskjer støtte frå det offentlege og noko medlemsavgift, medan eitt medlem ønskjer fullfinansiering ved medlemsavgift.

4. *Gravferdsforvaltning*

Fleirtalet i utvalet peikar på dei naudsynte argumenta for å la kommunen vere ansvarleg for gravferder i Noreg, og eit fleirtal på 6 medlemmer av Møre bispedømeråd sluttar seg til dette synet på prinsipielt grunnlag. Det er likevel viktig at ein ikkje misser den kompetansen som dei kyrkjelege fellesråda har i dag, og det kan mange stader vere naturleg at kommunane kjøper tenester frå fellesråda på dette området.

Eit mindretal på eitt medlem av rådet ønskjer at den lokale kyrkja framleis skal ha ansvaret slik som i dag.

5. *Freda og verneverdige kyrkjer*

Staten tek eit ekstra ansvar for freda og verneverdige kyrkjehus. Dette bør ikkje finansierast gjennom OVF.

6. *Eigedomsrett*

Rådet meiner at soknet framleis skal vere eigar av kyrkjene. Når det gjeld ansvaret for drifta av kyrkjebygga, bør det liggje så lokalt som råd. Ordninga som vi har med at kommunen sørgjer for dette, bør halde fram.

Rådet støttar utvalsfleirtalet i synet på bruken av OVF.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Møre bispedømmeråd

Type høringsinstans

- ☐ Kommune
- ☒ Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- ☐ Prost/biskop
- ☐ Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- ☐ Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- ☐ Annen offentlig instans
- ☐ Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå høyringsfråsegna, særleg tredje avsnitt under punkt 1.

2. Den norske kirke som statskirke:

- ☒ Bør fortsette (1 stemme)
- ☒ Bør avvikles (6 stemmer)
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- ☒ Grunnloven (1 stemme)
- ☒ Egen kirkelov vedtatt av Stortinget med forankring i endra grunnlovsparagraf (4 stemmer)
- ☒ Lov om trossamfunn (2 stemmer – kan subsidiært stemme for eiga kyrkjelov)
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- ☒ Gjennom medlemsavgift (1 stemme)
- ☐ Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- ☒ Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift (6 stemmer)
- ☐ Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

☒ Valgordningene bør være som i dag (7 stemmer – sjå likevel under ”Eventuelle andre ordninger”)

☐ Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer

☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Revidering av dagens ordningar bør vurderast for å auke engasjementet, men ikkje ved hjelp av direkte val

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?
(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

☐ Ingen tillegg

☐ De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene

☒ Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget (7 stemmer)

☐ Det humanistiske verdigrunnlaget

☐ At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke

☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

☒ Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) (1 stemme)

☒ Kommunen (6 stemmer)

☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

☐ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

☒ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret (7 stemmer)

☐ Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare